

Hardanger og Voss reinsdyrlag SA.
5736 Granvin.

Lussand 11.08 14.

NVE – Konsesjonsavdelinga,
Postboks 5091 Majorstua,
0301 Oslo.

Fråsegn i høve overføring av Svartavatn til Torfinnsvatn i Voss kommune, søknad frå Voss Energi. Søknad frå BKK om overføring frå Vaksdalsvassdraget til Herfangen i Samnanger kommune.

Hardanger og Voss reinsdyrlag er omtala i søknaden frå Voss Energi. I søknaden frå BKK er det ikkje nemnt at det er reindriftsinteresser i området.

Hardanger og Voss reinsdyrlag vil med dette gjera NVE merksam på at det i begge dei nemnde søknadsområde kan det tidvis finnast reinsdyr. Voss Energi har i sin søknad vurdert konfliktnivået/ulempene i høve til reisdya som svært liten. BKK er ikkje merksam på at det kan vera rein i området dei har søkt om tiltak i.

Hardanger og Voss reinsdyrlag vil gjera merksam på at reinen er særskilt sårbar i kalvingstida på våren og det bør difor takast særskilt omsyn til dyra på denne tida. Vi ber om at Voss Energi og BKK legg dette inn i framdriftsplanane/ miljøplane sine slik at det vert teke naudsynt omsyn til reinsdyra.

For Hardanger og Voss reinsdyrlag SA

Magnar Lussand
Leiar.

Kopi : Voss Energi, Tranoy@vossenergi.no . BKK, arne.riisnes@bkk.no